



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom Lunde, Rådhuset Tysnes kommune
Dato: 29.09.2016
Tidspunkt: 10:00 – 13:45

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Britt Sørensen Dalsgård	Leiar	AP
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP
Kirsten Gunn Epland	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Lorentz Lunde	Nestleiar	KRF
Patrick Russel Madsen	Medlem	AP

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Lars Enes	Patrick Russel Madsen	KRF

Merknader

Vararepresentant for Lorentz Lunde var innkalla, men kunne ikkje møte.

Andre som møtte:

Navn	Stilling
Erlend Haug	Rekneskapsrevisor Deloitte – i PS 38/16 og PS 39/16.
Gunnar Husabø	Forvaltningsrevisor Deloitte – i heile møtet, unnateke PS 46/16.
Steinar Dalland	Rådmann – i PS 35/16 og PS 36/16.
Laila Hope	Einingsleiar fellestenester – i PS 35/16 og PS 36/16.
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskom. - i heile møtet, unnateke PS 46/16.

Britt Sørensen Dalsgård
utvalsleiar

Kari Marie Nygard
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 33/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 34/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 35/16	Oppfølging av forvaltningsrevisjon av plan- og byggesaker i Tysnes kommune		2015/4
PS 36/16	Orienteringssak vedr. gebyrordning, fastsetjing av gebyr, klagefristar og praktisering av regelverk		2014/258
PS 37/16	Henvending vedr. kommunalt honorar for behandling av søknad om bygging av naust		2014/258
PS 38/16	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Tysnes kommune		2016/71
PS 39/16	Deloitte presenterer revisjonsplan for 2016 og rekneskapsrevisjon så langt		2016/73
PS 40/16	Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 _ prosessmøte 2 - ny handsaming		2015/196
PS 41/16	Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - prosessmøte 2 - ny handsaming		2015/197
PS 42/16	Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2017		2016/45
PS 43/16	Referatsaker		
RS 17/16	Rekneskapsoversyn KUV-budsjett pr. 21.09.16		2016/45
PS 44/16	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/200
PS 45/16	Eventuelt		
PS 46/16	Val av leverandør av sekretariatstenester 2017 - 2022		2015/34

PS 33/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.09.2016

Handsaming i møtet:

Ekstrasak «Val av leverandør av sekretariatstenester 2017 - 2022» vart handsama etter at ordinært møte var gjennomført. Sekretariatet var ugild til å vera tilstades og gjekk frå møtet etter PS 45/16. Vedtak i saka vil bli ettersendt og lagt inn i møteprotokollen etter møtet. Det kom ellers ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 34/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.09.2016

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje merknader til møteprotokoll frå møte 25.05.16.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 25.05.16 vart samrøystes godkjent.

PS 35/16 Oppfølging av forvaltningsrevisjon av plan- og byggesaker i Tysnes kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjort i samband med oppfølging av tiltak i samband med forvaltningsrevisjon av plan- og byggesaker.
2. Kontrollutvalet ber om ny status for oppfølgingsarbeidet innan

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.09.2016

Handsaming i møtet:

Rådmann Steinar Dalland orienterte og gjekk gjennom punkta som skal følgjast opp etter forvaltningsrevisjonen. Pkt. 1, 2, 6 og 8 er følgt opp. Det vert nå arbeidd vidare med å få på plass eit internkontrollsystem for plan og byggesak. Det vil vera fokus på risikovurdering, opplæring og rutinar for arbeidsområda. Det er gjort vedtak i kommunestyret om at det skal leggst fram eit oppdatert system for internkontroll for fagområde plan og byggesak innan juni 2017. Kontrollutvalet vil såleis ha ei tilbakemelding om dette arbeidet i første møte hausten 2017. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjort i samband med oppfølging av tiltak i samband med forvaltningsrevisjon av plan- og byggesaker.
2. Kontrollutvalet ber om ny status for oppfølgingsarbeidet i første møte hausten 2017.

PS 36/16 Orienteringssak vedr. gebyrordning, fastsetjing av gebyr, klagefristar og praktisering av regelverk

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.09.2016

Handsaming i møtet:

Einingsleiar for forvaltning Laila Hope og rådmann Steinar Dalland orienterte. Gebyrregulativet blei gjennomgått og det blei vist døme på korleis gebyr vert rekna ut. Noverande gebyrregulativ vart vedteke i

kommunestyret 16.12.14. Kontrollutvalet kom med kommentarar og stilte spørsmål som det vart svara på. Informasjonen blei teke til orientering og forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 37/16 Henvending vedr. kommunalt honorar for behandling av søknad om bygging av naust

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.09.2016

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet drøfta nøye henvendinga og dei tre breva som er kome til utvalet. I drøftinga såg ein på den informasjon som er innhenta om reglar for gebyr i Tysnes kommune. Konklusjonen er at ein finn at reglane for fastsetjing av gebyr i denne saka er følgd. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet sender brev til Tor Ottersen med melding om dette. Vedtak som vart fatta i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet vil ikkje gå vidare med henvending vedr. «kommunalt honorar for behandling av søknad om bygging av naust». Innformasjon som er innhenta viser at regulativet er følgd i denne saka. Det er ikkje kontrollutvalet si oppgåve å vurdere dei enkelte satsane i gebyrregulativet som er vedteke av kommunestyret.

PS 38/16 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Tysnes kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Tysnes kommune, til etterretning.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.09.2016

Handsaming i møtet:

Erlend Haug frå Deloitte presenterte kort uavhengighetserklæringa. Kontrollutvalet hadde ingen merknader til vurdering av uavhengighet. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Tysnes kommune, til etterretning.

PS 39/16 Deloitte presenterer revisjonsplan for 2016 og rekneskapsrevisjon så langt

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2016 frå Deloitte AS til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.09.2016

Handsaming i møtet:

Erlend Haug frå Deloitte presenterte revisjonsplan for 2016. Kontrollutvalet drøfta planen, men det kom ikkje forslag til endringar. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2016 frå Deloitte AS til orientering.

PS 40/16 Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 _ prosessmøte 2 - ny handsaming

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.09.2016

Handsaming i møtet:

Forvaltningsrevisor Gunnar Husabø frå Deloitte leia prosessmøte 2 med kontrollutvalet i samband med prioritering av prosjekt som skal leggjast inn i forslag til plan for forvaltningsrevisjon. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 01.11.16.

PS 41/16 Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - prosessmøte 2 - ny handsaming

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for selskapskontroll så langt til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for selskapskontroll skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.09.2016

Handsaming i møtet:

Forvaltningsrevisor Gunnar Husabø frå Deloitte leia prosessmøte 2 med kontrollutvalet i samband med prioritering av prosjekt som skal leggjast inn i forslag til plan for selskapskontroll. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for selskapskontroll så langt til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for selskapskontroll skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 01.11.16.

PS 42/16 Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2017

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2017.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.09.2016

Handsaming i møtet:

Framlegg til budsjett blei gjennomgått og drøfta. Kontrollutvalet gjorde endringar på nokre av postane. Mellom anna vil kontrollutvalet leggja opp til å gjennomføra eit mindre omfattande prosjekt innan forvaltningsrevisjon i 2017. Dette ut frå signal som kom fram tidlegare i møte frå administrasjonen. Vidare

vil kontrollutvalet planlegga å ha eit meir omfattande prosjekt på nytt året etter i 2018. Med desse endingane vart vedtak om budsjett for kontroll og tilsyn for 2017 samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget med endringar gjort i møte. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2017.

PS 43/16 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.09.2016

Handsaming i møtet:

Det låg berre føre ei referatsak, rekneskapsoversyn KUV-budsjett pr. 21.09.16. Referatsaka vart gjennomgått og vart samrøystes teke til orientering.

Vedtak:

Referatsaka vert teke til orientering.

PS 44/16 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til innstilling/vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.09.2016

Handsaming i møtet:

Aktuelle møteprotokollar blei gjennomgått og nokre av sakene blei kommentert. Det var ingen saker ein ville be om meir informasjon om på noverande tidspunkt. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 45/16 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.09.2016

Handsaming i møtet:

Møtedato for neste møte i kontrollutvalet vart endra til 22.11.16.

Vedtak:

Møtedato for neste møte i kontrollutvalet skal vera 22.11.16.

PS 46/16 Val av leverandør av sekretariatstenester 2017 - 2022

Forslag til innstilling

Forslag til innstilling vil bli lagt fram i møtet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.09.2016

Handsaming i møtet:

Sekretariatet forlet møtet før handsaminga av saka. Møtet vart lukka med heimel i Kommunelova § 31, jmf. Forvaltningslova § 13, pkt.2. Presentasjon av saka, som Helga Drange frå Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum hadde laga, vart lagt fram. Vedtak som vart fatta var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tilrår at ein følgjer innstillinga frå Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum.